



Nordfjordeid, 12.august 2013

## FJORDVARMENYTT

Kjære kundar!

Det er på tide med ei ny kundeavis. Ein del av innhaldet frå førre utgåve er teke med, av omsyn til heilskap og eventuelt nye lesarar. Vi justerer ambisjonane våre til 2 utsendingar pr. år.

### Bakgrunn

For meir enn 12 år sidan starta Eid kommune med planlegging og utbygging av fjordvarmeanlegget, som vart sett i drift for snart 9 år sidan. Utbygginga på Nordfjordeid er eit pilotprosjekt, eit stort eksperiment som no er eit av dei beste eksempla på utbygging av fornybar varme og kjøling i Noreg.

Heilt frå starten har vi lært mykje om fjordvarmesystemet, ikkje minst gjennom kontakt med kundar og samarbeidspartar. Vi ønskjer stadig å bli betre og vil gjerne ha meir tilbakemelding frå våre kundar.

### Organisering

Det kommunale føretaket Eid Fjordvarme KF eig fjordvarmeanlegget, som inneheld både ein fjordvarme- og ein gassdel. Drifta av fjordvarmedelen er sett bort til Fjordvarme AS. Gassdelen er leigd ut til Gasnor AS. Fjordvarme AS tek seg også av arbeid for Eid Fjordvarme KF på gassområdet.

I tillegg til drift, tek Fjordvarme AS på seg rådgjevingsoppdrag lokalt og eksternt, med basis i kompetansen frå pilotprosjektet på Nordfjordeid. Eksempel på eksterne oppdrag er Ulsteinvik og Førde.

### Informasjon om drifta av fjordvarmeanlegget

#### Statistikk og økonomi:

Det er no 47 varmpumper i drift i fjordvarmeanlegget. I tillegg er det 3 kundar som berre brukar kjøling. Samla oppvarma eller kjølt areal er på ca. 80.000 m<sup>2</sup>. I tillegg kjem også undervarme til Eid idrettspark. Energi frå varmpumpene hos kundane utgjer årleg rundt

9.000.000 kWh. Av dette vert om lag 6.000.000 kWh henta frå sjøen. I tillegg blir det nytta om lag 1.500.000 kWh kjøling. For dette betalar kundane samla om lag kr 1.250.000 til Fjordvarme AS.

Fjordvarme AS fastset årleg prisen på energileveransen basert på sjølvkost. For 2013 er prisen kr 17,00 pr. m<sup>2</sup> BRA. Den stabile kundemassen gjer at kundane er sikra ein stabil pris på også i åra som kjem. Det er framleis plass til ein del nye anlegg, noko som truleg vil gjere økonomien enno betre.

Sjølvkostrekneskapan for 2012 viser at drifta av fjordvarmeanlegget gjekk med eit overskot på kr 172.784. Tidlegare års underskot på sjølvkostområdet i Fjordvarme AS vil etter vår prognose vere nedbetalt i 2013. Nedbetalinga av tidlegare års underdekning i Eid kommune starta i 2012 og vil truleg pågå fram til 2016. I denne perioden vil det også bli bygd opp eit sjølvkostfond på kr 500.000 til vedlikehald.

### Kapasitet og teknisk godkjenning

Vi nærmar oss kapasitetsgrensa til anlegget og må vurdere tilknytning av nye kundar både teknisk og økonomisk. Det er fleire bygg som er tilknytt, men som ikkje har teke i bruk fjordvarme. For å kunne ta stilling til om nye kundar kan få vere med, må vi no utfordre denne gruppa på om dei kjem til å ta i bruk fjordvarme, med ein frist for dette. Desse byggeigarane vil bli kontakta direkte.

For nye kundar har vi også innført ei teknisk godkjenning av varmpumpeanlegget, for å avdekke feil og uheldige løysingar før anlegga vert bygde.

Vi ser også at det er eit aukande behov for å optimalisere drifta av fjordvarmeanlegget. Dette gjeld både dei installasjonane vi driftar i vekslarhuset og varmpumpeanlegga hos kundane. Vekslarhuset er no fullt utbygd kapasitetsmessig. Kapasiteten er avhengig av mellom anna returtemperaturen i rørettet frå kundane.

### Driftskontroll

Dei siste månadene har Ole Ivar Brekke, på oppdrag frå Fjordvarme AS, reist rundt til kundar for å kontrollere drifta og gje råd om korleis drifta kan bli betre. Så langt har 35 kundar fått besøk. Vi held fram med dette arbeidet til alle har fått kontroll. Vårt ønske er at fjordvarmeanlegget skal fungere best mogeleg for alle kundane, både teknisk, økonomisk og miljømessig.

Hovudinntrykket så langt er at dei fleste anlegga fungerer godt. Ein del anlegg har fungert for dårleg på grunn av feil. Nokre av desse har fått retta feila og fungerer no som dei skal. På andre anlegg skal årsaka finnast før tiltak vert utført. Vi kan hjelpe til med dette etter nærare avtale. Alle kundar vil få tilbakemelding om korleis anlegget fungerer.

Generelt blir det brukt noko større vassmengde hos kundane enn det som er behovet ut frå avtale om tilknytning. Dette går ut over den totale kapasiteten til anlegget og aukar

driftskostnadene våre til pumping av vatn. Når vi er ferdige med heile besøksrunden, vil vi ta kontakt med anlegg der det er behov for justeringar.

Fjordvarme AS tilbyr driftsoppfølging av varme- og kjøleanlegg gjennom året hos kundane. Vi har investert i måleutstyr og samarbeider med Ole Ivar Brekke om tilsyn etter avtalt frekvens. Vi følgjer opp tiltak som bør gjennomførast i samråd med byggeigar. Besøksrunden så langt viser at ein del av kundane ikkje har følgt opp drifta av varmepumpeanlegget godt nok. Dette ønskjer vi å hjelpe kundane med ved å tilby vår kompetanse. Omfanget bestemmer kunden sjølv. Ta kontakt om du ønskjer tilbod på driftsoppfølging hos deg!

#### Vedlikehald:

I løpet av hausten vil vi gjere rein sjøleidninga. Det blir då ein driftsstopp på om lag eit døgn. Vi sender ut informasjon i forkant av dette.

#### **Informasjon om drifta av naturgassanlegget**

##### Historikk, statistikk og økonomi:

Forsyningsanlegget for naturgass i Øyane vart bygd opp og sett i drift av SFE Naturgass AS. I 2009 la dei ned all sin aktivitet og overdrog anlegg og kundeavtalar til Gasnor AS.

I alt 14 kundar brukar i dag naturgass frå rørrettet. Dette er for lite til å oppnå ei god teknisk og økonomisk drift av terminalen i Øyane. Utfordringa er størst om sommaren då gassforbruket er minst. I 2012 viste sjølvkostrekneskapen på gassområdet eit underskot på kr 285.000.

##### Kundekontakt:

Gasnor AS ønskjer no ei lokal overtaking av kundeavtalane gjennom Fjordvarme AS, for å vere med på vidare drift av forsyningsanlegget i Øyane. Både Eid Fjordvarme KF og Fjordvarme AS er positive til dette. Eid kommune skal ta stilling til saka i slutten av august. Går Eid kommune inn for saka, kjem Gasnor AS til å seie opp alle sine kundeavtalar og informere om at Fjordvarme AS vil ta kontakt med om ein ny avtale. I samband med dette vil det bli forhandla om ein ny prismodell på naturgass.

##### Kapasitet:

Kapasiteten til fordamparanlegget på terminalen i Øyane er no fullt utnytta. Nye kundeavtalar vil vere vanskeleg utan å auke fordamparkapasiteten. Investeringa med dette er i utgangspunktet Gasnor AS sitt ansvar, men dette vil også krevje auka inntekter frå gassleveranse. Det er ikkje realistisk å oppnå dette berre med gassleveranse til bygningar på Nordfjordeid.

Leveranse av naturgass til bil og buss kan vere ei god løysing. Marknaden for bruk av naturgass til transport er pr. dato ikkje stor, men potensialet er svært stort. Prisen på naturgass

til drivstoff ligg vesentleg under bensin og diesel og medfører lavare utslepp av klimagassar. Vi er i gang med å vurdere dette nærare.

### **ReNorway AS**

Selskapet ReNorway AS arbeider med produktutvikling og leveransar med utgangspunkt i fjordvarmekonseptet. I høve til Fjordvarme AS, er dette er eit uavhengig selskap. Stephan ter Stege er dagleg leiar i selskapet, sjå heimeside [www.renorway.com](http://www.renorway.com) . Anne van Oorschot er nestleiar.

I samarbeid med fleire lokale bedrifter kan selskapet mellom anna gje tilbud på komplett levering av montering av varmpumpeanlegg. Fjordvarme AS tek på seg oppdrag med rådgjeving for selskapet. Samla sett vil dette sikre at erfaringane frå fjordvarmeanlegget kjem nye anlegg til gode, både lokalt på Nordfjordeid og andre plassar.

### **Miljøfokus**

Det er innført krav til energimerke ved omsetning av bygningar. Dei som brukar fjordvarme til oppvarming, kjem godt ut av dette. Det same gjeld bedrifter som vil miljøsertifisere seg. I tillegg oppfyller fjordvarme forskriftskrav om fornybar energi i nybygg.

### **Er fjordvarmeanlegget i Eid lønsamt?**

Avdelinga for samfunnsfag til Høgskulen i Sogn og Fjordane har med tilskot fra Sogn og Fjordane Fylkeskommune vurdert lønsemda til fjordvarmeanlegget på Nordfjordeid. Dei konkluderer med at lønsemda til anlegget er svært god, med ein positiv noverdi og internrente på meir enn 13 prosent når heile kapasiteten er utnytta. Med dagens utnytting ligg internrenta på 7 prosent.

I tillegg blir det dratt fram at (s. 4-5):

- et fjordvarmeanlegg øker den lokale verdiskapingen, og gir dermed grunnlag for en sterkere næringsutvikling.
- et fjordvarmeanlegget bidrar til å utvikle og ta vare på kunnskap og kompetanse lokalt.
- et fjordvarmeanlegg reduserer avhengigheten av store eksterne energileverandører.

Det blir også nemnt i rapporten at om ikkje forholda på Nordfjordeid er så veldig forskjellige fra andre stader i Norge, vil det truleg vere lønsamt med fjordvarmeanlegg mange andre stader i landet (s. 15).

Du kan lese heile rapporten på denne linken:

[http://www.fjordvarme.no/upload/bruker/dokumenter/Fjordvarme\\_Notat\\_nr1\\_2013\\_endeleg\\_rapport.pdf](http://www.fjordvarme.no/upload/bruker/dokumenter/Fjordvarme_Notat_nr1_2013_endeleg_rapport.pdf)

### **Eid kommune- klimaspyspisskommune**

Etter Zero-konferansen hausten 2012, der Eid kommune var nominert til miljøpris for fjordvarmesatsinga, har Zero valt Eid kommune til ei av 6 klimaspyspisskommunar i landet. Desse kommunane skal vere eksempel og føredøme for resten av landet. Fjordvarme AS vil bistå Eid kommune med arbeid knytt til dette, noko som er god marknadsføring både av Fjordvarme AS, Eid kommune og næringslivet i kommunen. Sjå artikkel på heimesida vår, henta frå Fjordabladet om dette: <http://www.fjordvarme.no/aktuelt/eid-som-klimaspyspisskommune-nummer-seks-i-noreg/?nav=framside>

Informasjon om dette kjem på heimesida vår framover.

Sjå også artikkel i Fagbladet om Eid kommune, link på heimesida vår: <http://www.fjordvarme.no/aktuelt/fagbladet-eid-kommune-gar-foran-med-fjordvarme/?nav=framside>

### **Energikompetsansesenter (EKS)**

Eid vidaregåande skule har gjennomført eit forprosjekt på eit energikompetsansesenter ved skulen. Grunnlaget for dette er samarbeid med Eid kommune og ei rekke bedrifter frå regionen, mellom andre Fjordvarme AS. Prosjektet går no vidare til gjennomføringsfasen. Bygging av lokalitetar for senteret er sett i gong. Sjå meir på heimesida til Eid vg skule: [http://www.eid.vgs.no/cms/eid/cms.nsf/%28\\$All%29/11EEB9986C419AAEC1257BA10067CD4B?OpenDocument](http://www.eid.vgs.no/cms/eid/cms.nsf/%28$All%29/11EEB9986C419AAEC1257BA10067CD4B?OpenDocument)

### **Rekruttering**

Vi er på leiting etter nye tilsette i Fjordvarme AS etter at Steven Johnsen slutta i februar. Om de veit om flinke ingeniørar, gjerne med lokal tilknytning, be dei ta kontakt med oss! Stillingsannonse ligg på heimesida vår, eller kan lastast ned her: [http://www.fjordvarme.no/upload/bruker/dokumenter/Annonser/Prosjektingeniørar\\_2013.pdf](http://www.fjordvarme.no/upload/bruker/dokumenter/Annonser/Prosjektingeniørar_2013.pdf)

### **Kontaktinfo**

Fjordvarme AS, Nordfjordeid Næringshage, Postboks 181,6772 Nordfjordeid.

Telefon: 57 86 48 23, mobil: 908 26775, E-post: [magne.hjelle@fjordvarme.no](mailto:magne.hjelle@fjordvarme.no)

Vi ønskjer alle våre kundar framleis god sommar!

### **Helsing Fjordvarme AS**

*Magne Hjelle*  
Dagleg leiar

